



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1388 - 20/6517

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.02.2020

Førebels svar med trong for tilleggsk dokumentasjon - gbnr 116/68 Lauvås

Tiltak: Riving av bygg
Byggjestad: Gbnr: 116/68
Tiltakshavar: Arkoconsult AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.01.2020, vi viser og til dykkar epost datert 29.01.2020 der de ber om status i saka.

Mottakskontroll

Vi kan ikkje sjå å ha motteke teikningsmateriale eller fotodokumentasjon for bygga som er søkt riven, dersom ein ikkje har teikningar av bygget held det at ein sender inn bilete av alle bygga sine fasadar.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke oversikt over samla bruksareal som er søkt riven. Vi gjer merksam på at det for riving av byggingsmasse over 100 m² er krav til at det vert utarbeida avfallsplan og miljøsneringsrapport.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke kvitteringsliste frå varsla naboar, det ligg føre stadfesting frå bank med omsyn til pengeheftelsar.
Dersom ein har valt å utelate nabovarsling ber vi om at de gjere greie for dette.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Teikningar av bygga som er søkt riven, eventuelt fotodokumentasjon av alle bygga sine fasadar.
2. Vi ber om å få tilsendt arealreknskap (BRA) for bygningsmassen som er søkt riven.

3. Dersom arealet som er søkt riven overskrid 100 m² BRA ber vi om at det vert sendt inn avfallsplan og mijøsaneringsrapport jf. TEK17 §§ 9-6 og 9-7.
4. Kvitteingsliste frå varsla naboar eventuelt ei skildrig av kvifor ein har unlatt å nabovarsle.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.03.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Gaard Eiendomsutvikling AS	Lægdene 12	5096	BERGEN

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
----------------	--------------	------	-------------------